

# Eit krafttak for munnleg historie i Hordaland



## Rapport og søknad om framhald av Kulturelt utviklingsprosjekt «Krafttak for munnleg historie i Hordaland»

Memoar søkte fyrste gong hausten 2016 om KUP-midler til å bygga opp infrastruktur, kompetanse og organisasjon for munnleg historie (oral history) i Hordaland, og gjera vårt fylke til eit foregangsfylke for ei ny bylgje innan munnleg historie i Noreg.

Hausten 2016 fekk me ei løyving på 200.000,- til forprosjektfasen (arbeidsåret 2017). Me har rapportert for dette arbeidet i halvårsrapport i juni 2017 og i Memoar si årsmelding for 2017 (begge er tilgjengelege på nettsida [Krafttak.Memoar.no/Hordaland](http://Krafttak.Memoar.no/Hordaland)) Av den løyvde summen har me stil nå fått utbetalt kr 180.000,-

Hausten 2017 fekk med ei ny løyving på kr 170.000,- for fyrste år i hovudprosjektet. Av dette har me fått utbetalt kr 76.000,-. Me rapporterer for fyrste halvår av det arbeidsåret i punktet nedanfor. Fylkesrådmannen knytta føresetnader til denne løyvinga som det ikkje har vore mogleg å oppfylle - dette kjem me også attende til under punktet **Infrastruktur** i rapporten.

I tillegg til rapporten for fyrste halvår 2018, inneheld dette dokumentet ein søknad om å få halda fram arbeidet også i 2019 (år 2) og 2020 (år 3). Vedlagt budsjett og den konkrete søknaden gjeld 2019.

### **Framdrift sidan førre rapport**

I søknaden for 2018 formulerte me hovudmåla for 2017 slik: «*Kompetansedeling, kurs, fagutvikling og ein nasjonal konferanse om munnleg historie er dei viktigaste overskriftene på det me ynskjer å gjennomføra*»

Fem månader inn i arbeidsåret ser me oss godt nøgde med utviklinga. Det siste punktet er det mest tilfredsstillande. **Memoarkonferansen 2018** vart ein stor suksess, både innhaldsmessig og organisasjonsmessig.

- 80 deltakarar var med. Dei kom frå historie- og sogelag frå heile Hordaland og frå svært mange av dei viktigaste musea (Museumssenteret i Hordaland, Museum Vest, Sunnhordland Museum, Sjøfartsmuseet)
- I tillegg deltok folk frå arkiv-, bibliotek og musé frå heile landet, mellom dei «tunge aktørar som Nasjonalbiblioteket, Norsk Folkemuseum, Folkeminnesamlinga.
- Mange av dei profilerte institusjonane og prosjekta som arbeider med munnleg historie var med, så som 22. julisenteret, Rockheim, Arbeidsarven, Norsk industriarbeidermuseum og fleire. (Program og full deltakrliste finst på nettsida [www.memorkonferansen.no](http://www.memorkonferansen.no))

Det lukkast å samla ein «tung» arrangørkomite der Bergen Byarkiv, Bergen Offentlege Bibliotek og Universitetet i Bergen var (både på papiret og i praksis) medarrangørar saman med Memoar.

Og me lukkast i å komponera eit program som presenterte arbeid med munnleg historie i

Noreg/Skandinavia både i breidde og ikkje minst i kvalitet.

Ved avslutninga var det ei «einstemming krav» at det måtte bli ein ny konferanse i 2019.



***Foredragshaldarane på Memoarkonferansen:*** Malin Thor Toreby (biträdande professor universitetet i Linköping), Bjørn Enes (leiar av Memoar), Ingar Kaldal (professor, hist. inst. NTNU), Bjørn André Widvey (seniorkonsulent UiB/Skeivt Arkiv), Stig Tenold (professor, øk.hist. NHH), Maja Gudim Burheim (prosjektleder for 22.julisenterets vitneprosjekt) og Audun Kjus, fyrstekonservator Norsk Folkemuseum/fagansvarleg for Norsk etnologisk gransking)

## **Kompetanseutvikling**

Også under dette stikkordet er Memoarkonferansen den viktigaste hendinga. Ambisjonen om å skapa eit forum der ulike fagmiljø og frivillige kan møtast for å dela kunnskapar og leggja grunnlag for nye samarbeidstiltak lukkast.

Ikkje lenge etter konferansen fekk me også den gledelege meldinga frå Kulturrådet om at dei ynskjer å støtta eit krafttak for munnleg historie i heile Noreg. Saman med Landslaget for lokalhistorie, Folkemminnesamlinga og Norsk etnologisk gransking skal Memoar gjennomføra ein serie seminar- og praktiske øvingar hausten 2018. (Aust-Finnmark, Vest-Finnmark, Troms, Trøndelag, Møre og Romsdal, Sogn og Fjordane, Oppland, Buskerud, Hedmark, Telemark, Østfold og Oslo). Målet er å spreia erfaringane frå Hordaland til andre fylke. Sjå meir om dette på prosjektnettsida [Krafttak.Memoar.no](http://Krafttak.Memoar.no)



### Kurs:

Utviklinga av Memoar sitt kurstilbod har gått i retning endå større differensiering enn meldt i tidlegare rapportar. Tilbakemeldingane frå kursdeltakarar i fjor tyda på at me hadde lagt lista for høgt. Våren 2018 prøver me ut ein tredje vesjon av kurspakka vår som no består av fire kurs:

1. **Eit «forteljarkurs»** der målgruppa er personar som har lyst til å fortelja om sine livserfaringar – frå yrke, organisasjonsliv, lokalsamfunn eller slekt eller rett og slett levd liv. Me starta fyrste prøvegruppe med dette kurset i april 2018, og erfaringane så langt er svært gode. Kurset er eit samarbeid med lokalhistorisk avdeling i Bergen offentlege bibliotek. Kurset har fått ei eiga nettside – [Mitt.Memoar.no](http://Mitt.Memoar.no)
2. Me arbeider også med å utvikla eit nytt **intervjuarkurs**. Målgruppa vil vera både profesjonelle og frivillige "minnesamlarar" (Aktive historie- og sogelagsmedlemmer, tilsette i musé, arkiv og bibliotek, frilansarar, studentar etc). Målsetjinga er at eit nytt kurs skal vera klart til utlysing hausten 2018. Det får nettsida [Intervjukurs.Memoar.no](http://Intervjukurs.Memoar.no)
3. Resten av det opprinnelege introduksjonskurset er samla i eit **profesjonaliseringskurs** som omhandlar logging av råopptak, skriving av logg og tekstsamandrag, video redigering i programmet WeVideo.com, arkivering i Memoar sitt mellombels arkiv i [Dropbox](http://Dropbox) og [Minner.no](http://Minner.no), klargjering for opplasting til offentleg arkiv, publisering gjennom [Vimeo.com](http://Vimeo.com), presentasjon og formidling gjennom produksjon av nettsider under [Memoar.no](http://Memoar.no), blogging, QR-koding, geotagging, produksjon av munnleg historie til digitale vandringsruter i samarbeid med [Fotspor.mobi](http://Fotspor.mobi). Det kjem også til å bli laga ei nettside for dette kurset på adressa [Profesjonalisering.Memoar.no](http://Profesjonalisering.Memoar.no)
4. I løpet av våren har me laga eit utkast til ein **trainee-avtale** mellom Memoar og masterstudentar på UiB. Desse vil få tilbod om intervjuarkurset, profesjonaliseringskurset og praksis med alle dei emnene som dei to kursa omfattar. Hausten 2018 vil me tilby slike trainee-avtalar for inntil tre masterstudentar. Viss/når me vurderer at me har kapasitet, vil me utvida dette tilbodet for fleire.

Me arbeider for å få denne nye kurspakka godkjend som ein eigen kursplan i Studieforbundet kultur og tradisjon.

## Infrastrukturutvikling

Som nevnt i innleiinga, knytta fylkesrådmannen føresetnader til løyvinga me fekk for 2018 som det ikkje har vore mogleg å oppfylla.

Føresetnaden var: «*Handsaming og bevaring av det innsamla materiale er ei utfordring. Ein føresetnad for tilskotet er at plan for langsiktig arkivering må vere på plass. Projektet må legge frem ei avtale om dette før utbetaling av tilskotet.*»

Fyrst ei kort utgreiing om kva me har gjort for å løysa dette. Me har tatt opp spørsmålet om

avlevering med fylgjande:

- Statsarkivet i Bergen. Svaret er at dei gjerne ville tatt imot, men at dei ikkje sikra forsvarleg langtidslagring, katalogisering og publikumstilgang av di dei manglar infrastruktur for munnleg kjeldemateriale i form av video og lyd.
- Byarkivet i Bergen. Same svar.
- Fylkesarkivet i Hordaland. Svaret er at dei ikkje har infrastruktur og at dei heller ikkje har tru på at dette kan ha interesse i framtida.
- Folkeminnesamlinga. Er svært interessert, men har ikkje ressurs til å bygga opp infrastruktur eller fagleg apparat for å lagra munnleg minnedokumentasjon frå nåtida i form av lyd- eller videoopptak.
- Norsk etnologisk gransking. Er svært interessert, og har invitert Memoar med i arbeidet for å bygga opp prosjektet Minner.no ([www.minner.no](http://www.minner.no)) som eit felles innsamlings- og formidlingsverktøy for heile kultursektoren. Dette vil også gi rom for arkivering i strukturen Primus som mange musé nyttar til lagring av anna digitalisert innhald i dag. Minner.no er imidlertid ikkje finansiert og er i prinsippet ei privat løysing. Memoar har fått tilbod om å abbonera på løysinga for 50.000,- kr/år. Me har sagt ja til å vera med på utviklingsarbeidet, men nei til å abbonera av di dette berre sikrar langtidslagring så lenge Memoar er i stand til å betala den årlege avgifta og at me oppnår det same for ein tiandedel av prisen med den løysinga me har i dag. Dette standunktet kan sjølvstendig endrast etter kvart som arbeidet med å utvikla Minner.no går framover.
- På vårt initiativ vil Bergens Sjøfartsmuseum bli med i eit treårig fellesprosjekt i regi av museumsnettverket Samtidsnett. Dette prosjektet er også eit forsøk på å løyse arkiverings/avleveringsproblemet for minne og munnleg historie. (Søknaden skal leverast 5. juni 2018). Hovudfokus vil vera å utvikla [minner.no](http://minner.no) gjennom ei rekke parallelle innsamlingar. Sjøfartsmuseets del av prosjektet vil vera å samarbeida med Memoar om tre nye år med innsamling, dokumentasjon og avlevering av munnleg sjøfartshistorie til Minner.no.
- *Viss dette prosjektet får midler, vil føresetnadane frå Fylkesrådmannen for så vidt vera oppfylte, men det vil berre vera garantert for prosjektperioden på tre år, og det vil berre gjelda sjøfartsmaterialet.*
- Fylkesarkivet i Sogn og Fjordane: Me har tatt kontakt av di dei er kjende for å ha kome langt både når det gjeld infrastruktur og kompetanse innan lagring og formidling av lyd, video og anna digitalt innhald. I og med at våre to fylke skal samlast til eitt, bør det vera relevant å diskutera avlevering til dei alt no. Me tok kontakt med dei 8. mars i år, og ventar enno på respons.
- Nasjonalbiblioteket. Me har tatt kontakt med [Lokalhistorisk Institutt](http://LokalhistoriskInstitutt.no) som no er ein del av Nasjonalbiblioteket. Me er ikkje overraska over at det har tatt tid å få respons, i og med at dei både har vore oppe i ei omorganisering og eit leiarskifte. Det var svært hyggeleg at dei deltok på Memoarkonferansen, og me reknar med å kunne diskutera dette spørsmålet med dei i løpet av andre halvår. Samtidig har me blitt invitert med i eit pilotprosjekt som Bergen offentlege bibliotek har søkt midler til, som nettopp handlar om lagring av digitalt materiale. I veldig mange andre land er det nasjonalbiblioteka som har ansvar for offentlig lagring av munnleg historie. Det norske Nasjonalbiblioteket har frå før ansvar for lagring av redaksjonelle lyd-, film-, TV- og videoproduksjonar. Dei har infrastruktur – og ikkje minst kompetanse. Dei tek også del i europeisk samarbeid for utvikling av skytenester for nasjonale bibliotek. Alt dette gjer at Nasjonalbiblioteket og Norsk Lokalhistorisk Institutt kan bli løysinga. Det er derfor viktig å synleggjera at munnleg historie er ein faktor også i Noreg. Der har Memoar ei viktig rolle.
- I tillegg til dette, tek me del i samarbeid med Etno-folkloristisk Arkiv (UiB), Skeivt Arkiv

(UiB), Norsk etnologisk gransking (Folkemuseet), Fokeminnesamlinga (UiO), Samiske Samlingar (RiddoDuottarMuseat) og samlingane til Historisk Institutt ved NTNU og andre, om utvikling av ein søknad til Kulturrådet om etablering av ein tverrinstitusjonell norsk infrastruktur og organisasjon for kulturhistoriske samlingar – derunder samlingar av munnleg historie. Memoar tok del i ein workshop som UiB arrangerte om dettei tilknytting til Memoarkonferansen i år. (Meir informasjon: Kyrre Kverndokk, UiB)

Det at Fylkesrådmannen kunne setja ei slik føresetnad for utbetalingane av løyvinga, viser at me ikkje har vore tydelege nok om kor stor denne utfordringa er. Me tar gjerne del i eit oppklaringsmøte om problemet, gjerne saman med Fylkesarkivet. Viss eit slikt møte kan koma i stand, vil me foreslå at det også blir invitert eit par personar som kan supplere kompetansen på fagfeltet, for eksempel ein representant for Etno-folkloristisk arkiv på UiB og ein representant frå Norsk etnologisk gransking.

Avslutningsvis under dette punktet vil me gjerne minna om at me under utviklinga av prosjektet våren 2016, fekk det tydelege rådet frå kulturadministrasjonen at me *ikkje* skulle søka midler til produksjon, berre til kompetanse-, organisasjons- og infrastrukturutvikling. Det rådet fylgde me. Fylkesrådmannen sin føresetnad for utbetaling av 2018-løyvinga plasserar oss i den «catch 22-situasjonen» at prosjektet som skal arbeida for å løysa avleveringsproblemet, ikkje får utbetalt løyvinga av di me ikkje har avlevert materiale som er samla i *andre prosjekt*.

Me vel å tru at dette er ein hastverksfeil, og at det vil bli omgjort når denne rapporten er lest.

## **Organisasjonsutvikling.**

Det har utvikla seg tre område for organisasjonsutvikling for Memoar: Bygging av Memoar som ein medlemsorganisasjon, bygging av ei profesjonell kjerne i Memoar og samarbeid / samhandling med andre.

### **Medlemsutvikling og internt liv**

Medlemsutviklinga har vore positiv, og Memoar har no 62 medlemmer. Dei varierar frå aktive og profesjonelle medarbeidarar eller samarbeidspartnarar, til passive støttemedlem. Fleirtalet av medlemmene er frå Hordaland, men det er vekst også utanfor.

Medlemmene er prioriterte deltakarar på kurs og Memoarkonferansen. Dei får også prisreduskjon. Dei får låna mobilt utstyr og hjelp i permanente studio. I tillegg får dei med ujamne mellomrom eit nyhetsbrev.

Frå hausten 2018 har me planar om å halda opne medlemsmøter. I fyrste omgang vil me prøva det i samband med arrangement vi skal ha felles med Lokalhistorisk avdeling i Bergen off. Bibliotek, med forteljarpanel om nær lokal historie. Fyrste gong vil bli 30. sept. 2018, der tema blir «Eksplorasjonen på Vågen og andre barndoms-/undomsminne frå Bergen i 1940- og 50-åra»

### **Bygging av ei profesjonell kjerne:**

I hovudsøknaden frå 30/6 2016 skreiv me: «Frå hausten 2016 ynskjer me å profesjonalisera arbeidet med fremja kultur for å ta vare på og dela munnlege forteljingar om levd liv i Hordaland. Me ynskjer å kjøpe fri ein eller fleire eldsjeler som kan skape engasjement og samarbeid for å utvikle pilotane frå Memoar sitt forprosjekt i til ein ferdig struktur (osb)»

I løpet av forprosjektåret 2017 var me istand til å frikjøpa prosjektleiar Bjørn Enes i 519 timar for tilsaman kr 146.811,- (løn, feriepengar og arbeidsgjevaravgift). Utanom det lønna arbeidet, utførte han 517 timeverk som frivillig. Det saml timetalet varty fordelte slik:

Infrastrukturutvikling: 206 timar, kompetanseutvikling: 458 timar, organisasjonsutvikling: 371 timar. (Konkret timeliste finst på prosjektsida [Krafttak.Memoar.no/Hordaland](http://Krafttak.Memoar.no/Hordaland)).

Per 27. mai har prosjektleiar lagt inn 253 timer i prosjektet i 2018, alt som frivillig arbeid. Dersom

me fåt utbetalt resten av løyvinga for 2018 (kr. 94.000) og resten av løyvinga for 2017 (kr. 20.000) vil me kunna frikjøpa prosjektleiaren eller andre noko i andre halvår.

### **Mål: Noregs fyrste “oral historian” skal få jobb I Hordalnd.**

Det at prosjektleiar har vore villig til å leggja inn så stor frivillig innsats i prosjektet har i praksis betydd at Memoar *har hatt* ei «profesjonell kjerne». Det er ei viktig årsak til at arbeidet har utvikla seg så raskt som det har. Ein slik “gründerfase” er ikkje bærekraftig på sikt, men den er svært nyttig no, for den viser kor viktig ei slik kjerne er for å utvikla arbeidet i breidda.

Me har notert oss at det vanlege i Storbritania og USA er at oral historians normalt *ikkje* er tilsette i organisasjonar som [Oral History Society](#) (UK) eller [Oral History Association](#) (USA). Det vanlege er at stillingane er forankra i institusjonar som bibliotek, arkiv, musé eller universitet, og at organisasjonsarbeid saman med frivillige er ein del av stillingsinnhaldet. Eksempalvis er leiaren av OHS tilsett som direktør for British Library-prosjektet «[National Life Stories](#)»

Tida vil jo visa om ein slik struktur også vil bli vanlege i Noreg. På grunn av dette, låser me oss ikkje til at målsetjinga om «Noregs fyrste oral historian» må vera ei tilsetjing i Memoar. Ut frå stillingen i arbeidet nett no har me lansert ein plan om eit prosjektengasjement i Memoar med målsetjing å få etablert ein fast stilling i bibliotek-systemet i Hordaland (Fylkesbiblioteket eller BOB).

Ei meir detaljert prosjektskildring av dette engasjementet finst også tilgjengeleg på nettsida [Krafftak.Memoar.no/Hordaland](http://Krafftak.Memoar.no/Hordaland).

### **Samarbeid og samhandling:**

Me samarbeider / har samarbeidd / arbeider nå med planar om fellestiltak med soge- og historielag i Fana, Austrheim, Radøy, Meland, Sund, Stord, Sveio, Os, Voss, Kvinnherad og Hordaland Sogelag. Samarbeidet omfattar kurssamarbeid, utstyrsloan, intervjuopptak/innsamling av munnleg kjeldemateriale og formidling gjennom opne møter og digital formidling.

Me har eller har hatt liknande samarbeid med Bergen Byarkiv, Bymuseet, Sjøfartsmuseet, Sunnhordland museum og museumssenteret i Hordaland. Blant bibliotek har me kome langt i utvikling av ein pilot på eit bibliotekstilbod innan munnleg historie i samarbeid med Bergen offentlege bibliotek, og begynt på tilsvarande samarbeid med Sund Folkebibliotek, Radøy Bibliotek og Voss Bibliotek.

Utanom Hordaland har me ei svært positiv utvikling i samarbeidet med Landslaget for lokallhistorie, Norsk etnologisk gransking, Folkeminnesamlinga og Norsk Industriarbeidermuseum. I resten av 2018 og 2019 vil denne lista bli kraftig utvikla gjennom prosjektet Krafftak for munnleg historie i Noreg. Me kjem attende til det i årsrapporten. (Utviklinga kan fylgjast på nettsida [krafftak.Memoar.no](http://krafftak.Memoar.no))

I april 2018 peika Bergen Byarkiv ut ein av sine tilsette, rådgjevar Birger Haugdal, til Byarkivet sin representant i Memoar sitt styre. Dette vart motatt som ei svært gledeleg melding hos oss. Det er eit steg i retning dei strukturane me kjenner att frå tilhøvet mellom institusjonar og systerorganisasjonar i andre land (omtalt i avsnittet ovanfor). Me tar det også som anerkjenning av Memoar.

*Frå Forteljarpanel om Kvinner til sjøs på Bergens Sjøfartsmuseum 6. mai 2018. Frå venstre: Arnhild Vada Eggum (telegrafist/purser, Ingebjørg Sæther (telegrafist) og Kjersti Wengshoel (Styrmann)*



## Prosjektrekneskap «Krafttak for munnleg historie i Hordaland» 2016 og 2017:

<b>Driftsinntekter</b>	<b>2017</b>	<b>2016</b>
3440 Spesielt offentlig tilskudd for tjeneste		
- Løyving KUP okt 2016 (periodisert) (motatt 180 av 200)	145 490,00	34 510,00
- Løyving KUP okt 2017 (Motatt 76 av 170)	76 000,00	
34 Offentlig tilskudd/refusjon	221 490,00	34 510,00
<b>Sum driftsinntekter</b>	<b>221 490,00</b>	<b>34 510,00</b>
<b>Driftsutgifter</b>	<b>2017</b>	<b>2016</b>
4550 Fremmedytelse og underentreprise, oppgavepliktig	-1 500,00	0,00
45 Fremmedytelse og underentreprise	-1 500,00	0,00
5001 Lønn til ansatte	-137 373,84	0,00
5092 Feriepenger	-4 074,94	0,00
50 Lønn til ansatte	-141 448,78	0,00
5401 Arbeidsgiveravgift	-4 788,00	0,00
5405 Arbeidsgiveravgift av påløpte feriepenger	-574,57	0,00
54 Arbeidsgiveravgift og pensjonskostnad	-5 362,57	0,00
6530 Spesialverktøy	-748,00	-15 557,00
6551 Datautstyr	-3 101,25	-10 767,00
6553 Programvare årlig vedlikehold	-8 275,98	-6 286,12
65 Verktøy, inventar og driftsmaterialer som ikke skal aktiveres	-12 125,23	-32 610,12
6860 Møte, kurs, oppdatering o.l.	-2 497,26	0,00
68 Kontorkostnad, trykksak o.l.	-2 497,26	0,00
7100 Bilgodtgjørelse, oppgavepliktig	0,00	-1 900,00
7140 Reisekostnad, ikke oppgavepliktig	-21 276,50	0,00
71 Kostnad og godtgjørelse for reise, diett, bil o.l.	-21 276,50	-1 900,00
7321 Reklameannonser	-401,29	0,00
73 Salgs-, reklame- og representasjonskostnad	-401,29	0,00
<b>Sum driftsutgifter</b>	<b>-184 611,63</b>	<b>-34 510,12</b>
<b>Driftsresultat</b>	<b>2017</b>	<b>2016</b>
<b>Driftsresultat</b>	<b>36 878,37</b>	<b>-0,12</b>
<b>Finansinntekt og finanskostnad, ekstraordinære poster</b>	<b>2017</b>	<b>2016</b>
<b>Sum finansinntekt og finanskostnad, ekstraordinære poster</b>	<b>0,00</b>	<b>0,00</b>
<b>Resultat</b>	<b>2017</b>	<b>2016</b>
<b>Resultat</b>	<b>36 878,37</b>	<b>-0,12</b>

(Rekneskapet for første halvår 2018 er ikkje klart pr 31/5. Me kan gjerne ettersenda dette)



*(Frå publikumsarrangement på Sjøfartsmuseet I mi 2018)*

## **Søknad om framhald av prosjektet i 2019.**

Som nevnt ovanfor, og som diskutert under møtet med kulturadministrasjonen i Hordaland Fylkeskommune den 9. februar, vil me gjerne rekna arbeidsåret 2017 som forprosjekt og arbeidsåra 2018, 2019 og 2020 som hovudprosjekt i «Krafttak for munnleg historie i Hordaland».

Arbeidet i resten av 2018 vil halda fram i samsvar med søknaden frå 30.mai 2017.

Hovudmålsetjingar vil også for resten av året vera kompetansedeling, kurs, fagutvikling og ein nasjonal konferanse om munnleg historie.

I 2019 ynskjer me å prioritera desse målsetjingane:

### **Infrastrukturutvikling:**

- Politisk og organisatorisk arbeid for å få etablert eit «munnleg riksarkiv» i Noreg. Samarbeid med Norsk etnologisk granskning, Folkeminnesamlinga, Etnofolkloristisk Arkiv, Samiske smlingar, Skeivt Arkiv og andre for å sikra kulturhistoriske arkiv generelt og munnleg kjeldemateriale særskilt.
- Parallellt ynskjer me å styrka samarbeidet med biblioteksektoren og Nasjonalbiblioteket for å fremja infrastruktur og kompetanse for munnleg historie som eit naturleg arbeidsfelt for moderne bibliotek. Det kan også inkludera eit arkiveringssystem for munnleg kjeldemateriale samla inn av bibliotek, frivillige Organisasjonar og privatpersonar.
- I 2019 vil me starta vidareutvikling av idéen om «digitale vandringsruter» med munnleg historie. Slik det i dag ser ut, vil det bli eit trekantsamarbeid med Høgskulen på Vestlandet, delar av ABM-sektoren og Memoar, basert på applikasjonen Fotspror.Mobi som Mediesenteret på Høgskulen har utvikla. Visjonen er å starta bygginga av eit stort verk der viktige delar av fylket sin immaterielle kulturarv skal vera tilgjengeleg på staden, både for innbyggjarane og for tilreisande gjennom deira egne mobiltelefonar.
- I 2019 vil me vera i stand til å skriva kravspesifikasjon for ein «alt-i-eitt-applikasjon» for munnleg historie som kan vera med på å gjera det endå enklare å smla. Dokumentera, arkivera, dela og formidla munnleg kjeldemateriale. Det kan vera interessant å søka samarbeid med teknologiaktør som kan utvikla ein slik applikasjon. Den vil i så fall ha ein internasjonal marknad.

### **Kompetanseutvikling:**

- Ny Memoarkonferanse 8. og 9. mars 2019 skal bli eit forum der teoretikarar og praktikarar innan munnleg historie i Noreg skal utveksla kunnskap og erfaring og leggja grunnlag for vekst i innsamling, arkivering, formidling og bruk av munnleg



kjeldemateriale i Noreg.

- Kurspakka skal vera fullstendig med eigne nettsider for kvart trinn (Forteljarkurs, Intervjuarkurs, Profesjonskurs og Traineeavtale) «Munnleg historie» skal bli godkjend som eigen læreplan i Studieforbundet kultur og tradisjon.
- Arbeid med ei norsk lærebok/handbok i munnleg historie skal starta.

### Organisasjonsutvikling:

- Me ynskjer å styrka utvikling av Memoar som medlemsorganisasjon gjennom å rekruttera medlemmer og gjera det attraktivt å meld seg inn. Samtidig ynskjer me å starta ein intern diskusjon i 1919 om kva slags organisasjon Memoar skal utvikla seg til når og viss det vert utvikla naturlege forankringar for munnleg historie i ABM-sektoren og universiteta i Noreg. (me vil ikkje konkludera den diskusjonen før i tredje år i hovudprosjektet)
- Frå andre halvår 2018 og heile 2019 vil me arbeida for å på etablert minst ein fulltids prosjektstilling innan munnleg historie i Hordaland. Målsetjinga med stillinga vil vera å utvikla ein person og ei rolle som kan bli attraktivt og naturleg for ABM-sektoren i fylket – mest sannsynleg biblioteksektoren.

### Samarbeid og samhandling:

- Også i 2019 vil me sanarbeida med historie/sogelag og bibliotek i Hordaland om gjennomføring av kurs og produksjon av munnleg historie gjennom utlån av mobilt utstyr (mobilstudio).

- Me ynskjer å etablera den prosjektstillinga som er nevnt ovanfor i samarbeid med Fylkesbiblioteket eller eit kommunalt bibliotek i fylket.

- Me vil halda fram produksjonssamarbeidet med Bergens Sjøfartsmuseum både i 2019 og 2020. Denne intervjuuserien har blitt viktig, av di han demonstrerer ganske tydeleg kor viktig munnleg kjeldemateriale kan vera både for forskning og for formidlingsarbeidet i musé.
- Me vil halda fram med å tilby kurs, utstyrlån og produksjonssamarbeid med andre musé og arkiv. (fProduksjon er jo som påpeikt ovanfor *ikkje* ein del av dette prosjektet. Me nevner det likevel, sidan det er så viktig i samhandlinga med museums-sektoren.
- Me vil også gjerne prøva ut samarbeid med barne- og ungdomsskular gjennom Den kulturelle skulesekken. Saman med sportsklubben Djerv arbeider me med eit slikt opplegg. Dersom det lukkast og fungerer bra, vil me utvida dette tilbudet til andre kommunar i 2019.
- «Tyngdepunkt Hordaland»: Det er ikkje utan vidare enkelt for ein ny organisasjon som Memoar fronta visjonen om at Hordaland (Vestland Fylke) skal bli tyngdepunktet for eit «nytt» kultur- og kompetansefelt i Noreg. Med den raske utviklinga som har vore, fell det meir naturleg. I 2019 vil me retta oss meir offensivt mot både UiB, Høgskulen, dei store fusjonerte musea og relevante kulturnæringer for å fremja tanken om at munnleg historie kan bli ein viktig del av ein felles regional strategi.



**På grunnlag av disse målsetningane har me laga fylgjande budsjett for vårt arbeid i 2019:**

<b>Infrastrukturutvikling:</b>	
Leige infrastruktur (programvare)	
Dropbox – mellombels arkiv	kr 5 000,00
Publisering video / Vimeo	kr 5 000,00
Foridling – nettside Google Gsuite	kr 2 500,00
Redigering / trening kursdeltakrar	kr 5 000,00
Reisekostnader – lobbyverksemd – arkivering	kr 10 000,00
Møtekostnader / Artikkelproduksjon	kr 26 250,00
Utviding til to-kameraproduksjon Mobilstudio	kr 8 000,00
Utstyrsinvesteringar – digitale vandringsruter	kr 8 000,00
Kravspesifikasjon (møtekostnad og arb.tid)	kr 6 000,00
Redesign nettsider	kr 13 125,00
<b>Kompetanseutvikling:</b>	
Memoarkonferansen 2019 -	
Forarbeid	kr 13 125,00
Honorar -	kr 15 000,00
Reisekostnader – foredragshaldrar	kr 20 000,00
Trykkekostnader / annonskostnader	kr 9 500,00
Underskot på kurs, alle kategoriar	kr 20 000,00
) Kursdokumentasjon (læreplan )	kr 26 250,00
Lærebokutvikling (inkludert)	kr 10 000,00
<b>Organisasjonsutvikling:</b>	
Leigekostnader / møtekostnader	kr 10 000,00
Delfinansiering av prosjektstilling 2019	kr 280 000,00
(Resten: kommune, Nasjonalbiblioteket)	
Workshop – Tyngdepunkt Hordaland	kr 15 000,00
Administrasjon	kr 12 500,00
SUM.	<u>kr 520 250,00</u>

Den største enkeltposten på budsjettet er delfinansiering av ei prosjektstilling i Hordaland. Me reknar det som urealistisk å søka full finansiering av eit slikt prosjekt frå Hordaland Fylkeskommune. Dessutan meiner me at det finst svært gode “nasjonale argument” for eit slikt prosjekt. Me vil derfor søka den andre halvdel av kostnadane til ei slik stilling frå nasjonale kjelder, så som Nasjonalbiblioteket, Kulturrådet eller stiftingar som har heile landet som arbeidsfelt.

På dette grunnlaget søker me om kr. 520.250,- frå ordninga Kulturelle utviklingsprosjekt i Hordaland.

Bergen 31. mai 2018



For Memoar  
Bjørn Enes